

┌
Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO
└

┌
└

REF.

VÅR REF.

DATO
31.03.2016

Høyringsfråsegn om forskrifter om rammeplan for femårige grunnskulelærerutdanningar

Språkrådet viser til høyringsbrev datert 21. desember 2015 frå Kunnskapsdepartementet om *forskrift om rammeplan for femårige grunnskulelærerutdanningar*.

Språkrådet har ansvar for å følgje opp den språkpolitikken Stortinget har slutta seg til. I dette høyringssvaret vil vi i hovudsak kommentere det innhaldet som kan ha konsekvensar for språkleg mangfald, språkleg kompetanse og interesser språkbrukarane har. Vi vil først kommentere § 6 «Fritaksbestemmelser», § 3 «Struktur og innhold» og § 1 «Virkeområde og formål», før vi handsamar andre kommentarar under eitt. Vi kommenterer dei to forskriftene samla, men skil mellom dei der det er naudsynt.

Språkrådet meiner at det er behov for å styrkje den norskspråklege kompetansen til alle lærarstudentar. Norsk må difor vere obligatorisk undervisningsfag for alle studentar i grunnskulelærerutdanninga. Språkrådet meiner også at ingen lærarstudentar kan fritakast frå prøve i éi av målførmene. Vidare føreslår vi å innføre fagutbyteformuleringar for alle fag, som skal sikre dugleik i nynorsk og bokmål, og at det kjem nasjonale føringar på vurderingsordningar og på korleis språkleg kompetanse skal gå fram av vitnemålet. Vi meiner også at nyutdanna lærarar må kjenne dei språklege rettane elevane har, jf. opplæringslova, og vi ber om høve til å kome med innspel til dei nasjonale retningslinjene.

§ 6 «Fritaksbestemmelser»

Språkrådet meiner at ingen lærarstudentar kan fritakast frå prøve i noka målførm. I dei følgjande avsnitta vert dette grunngjeve.

Ein lærar for alle



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Grunnskulelæruddanninga utdannar lærarar til heile landet, og desse lærarane skal kunne skrive på tavla, lage prøver, skrive tilbakemeldingar og kommunisere skriftleg med heimen på nynorsk og bokmål. Utdanninga må leggje til rette for at dei kan det. Dei 76 389 elevane (GSI, skuleåret 2015/2016) som har nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen, skal også ha lærarar i til sømes matte og engelsk som meistrar nynorsk og bruker dette som undervisningsspråk. Dersom lærarar som underviser i desse faga, ikkje meistrar målforma, går det ut over eleven.

Fritak frå éi målform vil som regel innebere fritak frå nynorsk. Det uroar oss at mange studentar, særleg dei med minoritetsspråkleg bakgrunn, dermed ikkje vil kunne bruke nynorsk som undervisningsspråk når dei er ferdig utdanna. Det vil kunne hindre dei i å arbeide som lærarar ved skular der nynorsk er hovudmål. Vi minner også om at norsklærarar på barnetrinnet skal kunne arbeide med begge skriftspråka (jf. Læreplan i norsk i LK06), same kva hovudmål elevane har. Då treng dei skriftleg kompetanse i både bokmål og nynorsk, og dei kan dermed ikkje fritakast frå prøve i noka målform.

Begynnaropplæringa

I grunnskulelæruddanninga 1.–7. trinn er det obligatorisk med 30 studiepoeng i norsk (§ 3). Språkrådet ser positivt på dette. At alle lærarar i barneskulen må ha norsk som fag, viser kor viktig språkopplæringa er. Eitt av måla med forskrifta er å sikre at grunnskuleutdanninga for 1.–7. trinn skal ha «særleg vekt på begynneropplæring» (§ 1). Då står skriving og lesing heilt sentralt, uavhengig av fag. Samstundes er det, som vi har sett, ei opning for å få fritak frå éi av to av dei offisielle målformene. Det er utilfredsstillande at lærarar som har ansvar for begynnaropplæringa, ikkje skal meistre språket til over 75 000 elevar.

At kandidaten «behersker norsk muntlig, skriftlig bokmål og nynorsk, kan kommunisere om faglige spørsmål i og utenfor skolen og bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng», er ifølgje forskrifta eit læringsutbytekrav. Det syner kor viktig denne lese- og skrivekompetansen er, og kor problematisk det er at nokon kan få fritak frå å meistre éi av målformene. Fritaket strir mot målet om at grunnskuleutdanninga skal byggje på «oppdatert og forskningsbasert kunnskap» (jf. høyringsbrevet).

Gjev lærarutdanninga studentane kunnskapen dei treng?

St.meld. nr. 23 *Språk bygger broer* og St.meld. nr. 35 *Mål og mening* slår fast at nynorsk er under press og skal vernast for at dei to norske skriftspråka skal vere reelt likestilte. For at ein skal nå den språkpolitiske målsettinga om reell likestilling mellom målformene, må ein sikre skriftleg kompetanse i begge målformene. Då er ein avhengig av lærarar som meistrar både bokmål og nynorsk.

I dag sikrar ikkje lærarutdanninga at komande lærarar får den språkkompetansen dei treng. Det går fram av Proba-rapport nr. 2014-07 *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. I rapporten, som er utarbeidd for Utdanningsdirektoratet, vert det avdekt at lærarutdanninga, med eit par unntak, ikkje gjev nynorskkunnskap til studentar som ikkje har norsk i fagkrinsen (Proba 2014-07:70). Det vert også peika på at fleire institusjonar ikkje måler kunnskapsnivå målformene i sluttvurderinga (Proba 2014-07:59). Der det vert gjort, er det sjeldan at målformene er reelt likestilte i vurderinga (Proba 2014-07:67). Få lærarstudentar, særleg av dei som ikkje har norsk som fag, vert prøvde i begge

målformene. Forskriftene som no er på høyring, gjev ikkje håp om betring. Ein må fjerne opninga for fritak og sikre at komande lærarar får den språkkompetansen som trengst, og at denne kompetansen vert dokumentert.

Ei utvikling som strir mot gjeldande politikk

Skriving er ei grunnleggjande ferdigheit, og Ludvigsen-utvalet har i *Fremtidens skole: Fornyelse av fag og kompetanser* framheva at skriving også i framtida må vere ein del av alle fag (NOU 2015: 8). Å kommunisere, samhandle og delta vert løfta fram som eitt av fire viktige kompetanseområde, og skriving og lesing er ein sentral del av dette. Alle lærarar er og må halde fram med å vere språklærarar, og dei må meistre både bokmål og nynorsk.

Signala frå Ludvigsen-utvalet kan tyde på at sidemålet i skulen, eller opplæringa i begge målformene, kan kome til å verte svekt i tida framover. I delutgreiinga *Elevenes læring i fremtidens skole: Et kunnskapsgrunnlag* vert opplæring i hovudmål og sidemål nemnt som ei sentral årsak til at norskfaget er prega av stofftrengsel. Hovudmålets og sidemålets plass i opplæringa vert ikkje følgt ytterlegare opp i hovudutgreiinga. Dersom opplæringa i begge målformene vert redusert, vil det råke nynorsken hardest. Gjeldande språkpolitikk er at sidemålsundervisninga må utviklast og betrast, ikkje reduserast. Ei svekking av språkkompetansen til lærarar er difor stikk i strid med den språkpolitikken Stortinget har slutta seg til. Oppdraget Språkrådet har, er å sikre at språkpolitikken vert realisert, og vi vil difor åtvare mot utviklinga. Ifølgje *Språk bygger broer* treng ein eit heilskapsperspektiv på språkopplæringa. Forskriftene slik dei no ligg føre, manglar eit slikt perspektiv.

Praktiske konsekvensar av å fjerne opninga for fritak frå prøve i ei av målformene

Mange elevar i vidaregåande skule har fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Det er viktig å understreke at dei skal ha halvårsvurdering og anna undervegs vurdering utan karakter (*forskrift til opplæringslova*). Dei skal også ha opplæring i sidemål, og dei vil soleis ha eit kunnskapsgrunnlag som dei kan byggje vidare på i grunnskulelæruddanninga. Sidemålsopplæring må vere ein del av norskundervisninga ved utdanningsinstitusjonane for å sikre gode lærarar. Ho må vere så god at studentar som har vore fritak frå vurdering med karakter i vidaregåande, har kompetanse i begge målformene ved fullført lærarutdanning.

Det vil også vere mogleg å organisere forkurs for studentar som har hatt fritak frå vurdering med karakter i vidaregåande. Det er ein utbreidd metode brukt på studium som til dømes krev særskilde kunnskapar, til dømes i matematikk. Ein kan organisere forkurset som eit tilbod til dei som vil styrkje eigen kompetanse i ei av målformene, eller som ein obligatorisk del for alle som har hatt fritak frå vurdering med karakter. Språkrådet meiner at alle kan verte lærarar sjølv om ein fjernar fritaksregelen frå forskriftene til rammeplanar.

Konklusjon

Språkrådet meiner at ingen lærarstudentar kan fritakast frå prøve i ei av målformene, og at det er behov for å styrkje den norskspråklege kompetansen til alle lærarar. Fritak frå prøve i ei av målformene er eit stort steg i feil retning. Vi ønskjer difor å fjerne avsnitt nummer to i § 6. Vidare føreslår vi å innføre fagutbyteformuleringar for alle fag, som skal sikre dugleik i nynorsk og

bokmål. Ferdigheitsformuleringa om å beherske norsk munnleg og nynorsk og bokmål skriftleg, bør vere ei fagutbyteformulering i alle fag, og for kandidatar på alle trinn.

§ 3 «Struktur og innhold»

Denne kommentaren omhandlar *forskrift til rammplan for grunnskolelærerutdanning for 5.–10.* Språkrådet meiner at norsk må vere obligatorisk undervisningsfag for alle lærarstudentar, også dei som går på utdanninga for 5.–10. trinn.

Etter at dei nye lærarutdanningane vart lanserte i 2010, har fleire miljø protestert mot at det ikkje lenger er obligatorisk for lærarstudentar som går grunnskulelærerutdanninga 5.–10., å ha studiepoeng i norsk. Ifølgje Kunnskapsløftet skal alle lærarar vere lese- og skriveleiarar. Skrivning er ei grunnleggjande ferdigheit, og ferdigheita er integrert i kompetansemåla i alle fag. Også i framtida vil skrivning og lesing vere heilt sentrale kompetansar (NOU 2015: 8). Skrivning er grunnleggjande for utvikling av fagkompetanse, og det er lærarane som skal hjelpe eleven til å utvikle fagspesifikk lesing og skrivning utanfor norskfaget. Alle lærarstudentar må difor ha norsk som undervisningsfag. Det vil gjere dei til gode språklærarar i alle fag.

Språkrådet meiner at innhaldet i den nye utdanninga ikkje er tilstrekkeleg for å dekkje omsynet til at alle i lærarutdanninga må ha grunnleggjande kunnskapar i norsk. Det er lagt opp til at studentar skal ha tre undervisningsfag, men det er ingen krav om at eitt av desse må vere norsk. Det er uheldig. På grunnskulelærerutdanninga for 1.–7. er det obligatorisk å ha 30 studiepoeng i norsk. Slik meiner vi det også må vere for studentar som går grunnskulelærerutdanninga for 5.–10. Dersom studenten ikkje har valt norsk som undervisningsfag éin eller to, må han eller ho vere pålagt å velje norsk som undervisningsfag tre. Det vil sikre at studentane får minimum 30 studiepoeng i norsk, og at dei soleis er rusta til å vere språklærar i alle fag og vere i stand til å oppfylle dei grunnleggjande språklege rettane elevane har.

§ 1 «Virkeområde og formål»

Det er viktig at alle lærarar kjenner opplæringslova. Språkrådet meiner formuleringa i § 1 ”forholde seg til opplæringsloven” gjev uklare forpliktingar når det gjeld kva kunnskap lærarane skal ha. Av Proba-rapport nr. 2014-07 går det fram at mange lærarar manglar oversikt over kva hovudmål dei ulike elevane har, og at ulike språklege rettar ikkje vert ivaretekne. Det er difor særleg viktig å styrkje kjennskapet lærarar har til denne delen av opplæringslova.

Ei ny formulering i § 1 bør vere: ”Grunnskolelærerutdanningen skal kvalifisere kandidatene til å ivareta faglige elevrettigheter som er gitt i opplæringsloven.”

Andre kommentarar

Det er bra at departementet kan bestemme at det skal vere nasjonale obligatoriske deleksamener i grunnskulelærerutdanninga (§ 5). Språkrådet har ved fleire tidlegare høve og overfor ulike aktørar peika på kor viktig vurderings- og eksamensordningar i språkopplæringa er for å nå språkpolitiske mål.¹ Det gjeld i både grunnskulen, vidaregåande skule og høgare utdanning. Vi ønskjer difor nasjonale deleksamener i nynorsk og bokmål. Det vil leggje press på utdanningsinstitusjonane om å sikre opplæring og vurdering, noko som igjen vil gje meir språkkompetente lærarar. Språkrådet ønskjer også nasjonale føringar for vurderingsordningar meir generelt og for korleis språkleg kompetanse skal gå fram av vitnemålet. Det er i samsvar med ønska som er presenterte i høyringsbrevet: «Forskriftene skal bidra til en enhetlig nasjonal oppbygging av utdanningene.»

Språkrådet oppfattar at det skal utviklast retningslinjer for grunnskulelærerutdanningane, og at dei enkelte institusjonane skal utarbeide eigne programplanar (§ 4). Vi vil ytre eit sterk ønske om at høyringsinstansane får innsyn i arbeidet med retningslinjene og føringane som vert lagde for dei enkelte planane. Språkrådet er interessert i korleis lærarutdanningane skal sikre at framtidige lærarar vert gode språklærarar og elevane får oppfylt sine språklege rettar. Dette får vi i liten grad meine noko om eller bidra til at kan bli teke omsyn til om vi berre får kommentere dei overordna føringane. Det er ikkje forskriftene åleine som avgjer kvaliteten i lærarutdanninga. Vi meiner at Kunnskapsdepartementet ikkje må la sjansen gå frå seg til å få innspel til dei føringane, retningslinjene og planane som vil vere heilt avgjerande for praksis og resultat.

Konklusjon

Språkrådet meiner at

- i det vidare arbeidet med utforminga av grunnskulelærerutdanninga må eit overordna perspektiv vere å sikre at elevane i skulen får opplæringsrettane sine ivaretekne
- ingen lærarstudentar kan fritakast frå prøve i éi av målformene
- ferdigheitsformuleringa om å meistre norsk munnleg og nynorsk og bokmål skriftleg bør vere ei fagutbyteformulering i alle fag for kandidatar på alle trinn
- norsk må verte obligatorisk undervisningsfag også på 5.–10. trinn
- det bør vere nasjonale eksamenar i bokmål og nynorsk
- det må kome nasjonale føringar for vurderingsordningar og for korleis språkleg kompetanse skal gå fram av vitnemålet
- nyutdanna lærarar må kjenne dei språklege rettane elevane har, jf. opplæringslova
- Kunnskapsdepartementet må opne for innspel til dei nasjonale retningslinjene

¹ Høyringsfråsegn om føreslåtte endringar i læreplanar i fleire fag:

<http://www.sprakradet.no/upload/Skule/H%c3%b8yringsfra%cc%8asegn_050313.pdf> [1.10.2015],

Språkpolitiske føringar for norskfaget:

<<http://www.sprakradet.no/upload/Aktuelt/Spr%c3%a5kpolitiske%20f%c3%b8ringar%20for%20norskfaget.pdf>

> [1.10.2015] og Høyringsvar - NOU 2015: 8 - Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser: <<http://www.sprakradet.no/globalassets/sprakarbeid/skole/norskfaget/horingssvar---nou-2015-8---fremtidens-skole.-fornyelse-av-fag-og-kompetanser.pdf>> [22.1.2016].

Språkrådet bidreg gjerne med råd, synspunkt og språkpolitisk forankring i det vidare arbeidet mot femårig grunnskulelærarutdanning.

Venleg helsing

Åse Wetås
direktør

Kristin Solbjør
seksjonssjef